



Notat

Dato: 28.11.2017

Arkivsak: 2017/16980-2

Saksbehandlar: Sunniva Schultze-Florey

Til: Svein Leidulf Heggheim

Frå: Birthe Haugen

Notat om særskilt språkopplæring

Deloitte gjennomførte ein forvaltningsrevisjon med Hordaland fylkeskommune sitt opplæringstilbod til minoritetsspråklege elevvar med behov for særskilt språkopplæring. Rapporten vart levert i mai 2017 og har vore handsama i fylkestinget i juni 2017. Fylkestinget vedtok oppfølging av rapporten i 11 punkt, mellom anna at ein skal lage ein handlingsplan for oppfølging. Denne handlingsplanen skal handsamast i kontrollutvalet onsdag 29. november 2017.

Opplæringslova § 8-2 regulerar organisering av elevane i klassar eller basisgrupper:

«I opplæringa skal elevane delast i klassar eller basisgrupper som skal vareta deira behov for sosialt tilhør. For delar av opplæringa kan elevane delast i andre grupper etter behov. Til vanleg skal organiseringa ikkje skje etter fagleg nivå, kjønn eller etnisk tilhør. Klassane, basisgruppene og gruppene må ikkje vere større enn det som er pedagogisk og tryggleiksmessig forsvarleg.

Klassen eller basisgruppa skal ha ein eller fleire lærarar (kontaktlærarar) som har særleg ansvar for dei praktiske, administrative og sosialpedagogiske gjeremåla som gjeld klassen eller basisgruppa og dei elevane som er der, mellom anna kontakten med heimen.»

Heimelen for særskilt språkopplæring er opplæringslova § 3-12 særskild språkopplæring for elevvar frå språklege minoritetar:

«Elevvar i vidaregåande opplæring med anna morsmål enn norsk eller samisk¹ har rett til særskild norskopplæring til dei har **tilstrekkeleg dugleik i norsk til å følgje den vanlege opplæringa** i skolen. Om nødvendig har slike elevvar også rett til morsmålsopplæring, tospråkleg fagopplæring eller begge delar.

Morsmålsopplæringa kan leggjast til ein annan skole enn den eleven til vanleg går på.

Når morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring ikkje kan givast av eigna undervisningspersonale, skal fylkeskommunen² så langt som mogleg leggje til rette for anna opplæring tilpassa føresetnadene til elevane.

Fylkeskommunen **skal kartleggje** kva dugleik elevane har i norsk³ før det blir gjort vedtak om særskild språkopplæring. Slik kartlegging skal også utførast undervegs i opplæringa for elevvar som får særskild språkopplæring etter føresegna, som grunnlag for å vurdere om elevane har tilstrekkeleg dugleik i norsk til å følgje den vanlege opplæringa i skolen.

Fylkeskommunen **kan organisere særskilt opplæringstilbod for nykomne elevar i egne grupper, klassar eller skolar**. Dersom heile eller delar av opplæringa skal skje i slik gruppe, klasse eller skole, må dette **fastsetjast i vedtaket om særskild språkopplæring**. Vedtak om slik opplæring i særskilt organisert tilbod kan berre gjerast dersom dette er rekna for å vere til **beste for eleven**. Opplæring i særskilt organisert tilbod kan vare **inntil to år**. Vedtak kan berre gjerast for **eitt år om gongen**. I vedtaket kan det for denne perioden gjerast avvik frå læreplanverket for den aktuelle eleven i den utstrekning dette er nødvendig for å vareta eleven sitt behov. Vedtak etter dette leddet krev samtykkje frå elev eller føresette.»

Dagens E-klasse er i strid med opplæringslova § 8-2 og § 3-12. I dag vert ikkje elevane kartlagt før inntak, og vedtak om særskilt språkopplæring vert fatta etter skulestart. For å vere i tråd med lovverket må alle elevar som søker tilbodet, kartleggjast, og for dei som etter slik kartlegging «ikkje har tilstrekkeleg dugleik i norsk til å følge den vanlege opplæringa», må det fattast enkeltvedtak om særskilt språkopplæring. Opplæringa må vere tilpassa dei individuelle behova til den enkelte. For nokre kan dette vere ein klasse liknande det som dagens E-klasse er, men slik opplæring kan uansett maksimalt gå over 2 år. Tilsvarende gjeld for HO-klassane. For andre elevar vil tilbodet kunne vere meir grunnskuleopplæring, nokre vil få eit tilfredsstillande opplæringstilbod med innføringskurs, andre vil kunne få språkopplæringa som del av ordinær Vg1. Det er høve til å omdisponere ein del timar til ekstra språkopplæring som kan nyttast for desse elevane.

Moglege løysingar er å

- Regulere inntaket til tilbodet i lokal inntaksforskrift, som eit tilbod til elevar med § 3-12 vedtak
- Organisere kartlegging av søkjarar og sakshandsaming av enkeltvedtak før inntak

I den lokale inntaksforskrifta må det stå kva tilbodet går ut på, korleis det er organisert og kva læreplan ein skal nytte. Vilkårå må gå klårt fram av paragrafen. Inngangsvilkåret er vedtak om § 3-12, men ein må òg fastsette kva som er tilleggsvilkåra for å få dei ulike tilboda (E-klasse, HO-klasse, innføringstilbod, grunnskule, språkopplæring i ordinære klassar). Ein må òg fastsette korleis ein skal fordele plassar ved fleire søkjarar enn plassar.

Elevar med rett til særskilt språkopplæring etter § 3-12 har etter søknad rett til utvida tid i vidaregåande, jf. opplæringslova § 3-1 (5).

Ein må sikre at det er rett elevgruppe som får rett tilbod. Dei med dei største behova, bør få dei mest omfattande tilboda. Dette vart påpeikt som ein svakheit i dagens ordning, sjå Deloitte-rapporten side 15.